

NODI201 - evaluering

24 studentar var oppmeldte til eksamen. Av desse var tre på utveksling. Ein student hadde følgd undervisninga og fått godkjent den obligatoriske aktiviteten våren 2017. Ved fullt oppmøte ville det vere 19 studentar til stades på undervisning. Evaluering blei gjort på siste førelesing, 25.4. Under evalueringa var det 13 studentar til stades. Nedanfor summerer eg opp svara og gir ein samla kommentar til slutt.

1. Hvor stor del av undervisningen har du fulgt dette semesteret?

100 prosent: 1 student

75 prosent: 6 studentar

50 prosent: 4 studentar

Mindre enn 50 prosent: 2 studentar

2. Hva mener du om at vi ber dere melde fra når dere ikke kan møte opp på undervisning?

Bra: 6 studentar

Spiller ingen rolle: 3 studentar

Negativ: 4 studentar

Vet ikke: 0 studentar

3. I hvilken grad er du generelt fornøyd med undervisningen i emnet?

Svært fornøyd: 1 student

Fornøyd: 10 studentar

Misfornøyd: 0 studentar

Verken fornøyd eller misfornøyd: 2 studentar

4. I hvilken grad er du fornøyd med organisering av og informasjon om undervisningen?

Svært fornøyd: 4 studentar

Fornøyd: 6 studentar

Misfornøyd: 1 student

Verken fornøyd eller misfornøyd: 2 studentar

5. Er det noe i undervisningen du er spesielt godt fornøyd med?

Her ga studentane ulike svar. 6 studentar trekte fram studentinnlegga som positivt. 3 studentar framheva at det blei vist til aktuelle saker om norskfaget i undervisninga. Ein student framheva «seminarfølelsen» som positivt.

6. Har du forslag til hvordan kurset (undervisning og organisering) kan forbedres?

Som i forrige punkt ga studentane ulike innspel, og det er vanskeleg trekkje fram ein heilskapleg tendens. Ein student såg fram til at lektorrommet blir ferdig og kan takast i bruk. To studentar meinte tydelegare mål og struktur i undervisning kunne gjort kurset betre. Ein student foreslo i strid med den heilskaplege tendensen at det obligatoriske innlegget burde vere skriftleg. To studentar etterlyste klårare struktur på studentinnlegga.

8. Hva mener du om omfanget av pensum?

For stort: 4 studentar

Passe: 9 studentar

For lite: 0 studentar

9. Hva mener du om vanskelighetsgraden av pensum?

For krevende: 1 student

Passe: 11 studentar

For lite krevende: 0 studentar

Vet ikke: 1 student

10. Hvordan vil du karakterisere sammenhengen mellom dette emnet og andre emner i lektorutdanningen? Du må gjerne utdype svaret nedenfor.

Svært god: 5 studentar

Ganske god: 5 studentar

Svak: 0 studentar

Vet ikke: 2 studentar

Utfyllande kommentarar: Som ein ser av tala ovanfor, har studentane oppfatta samanhengen mellom NODI201 og andre emne i lektorutdanninga som god. To studentar nemner likevel at det har vore lite progresjon frå NODI101 og at emnet har blitt «meir av det same». Det er litt uklårt om studentane har sett emnet i samanheng også med dei disiplinfaglege emna. Dette kunne ha vore klårare formulert i spørsmålet.

11. Har du andre kommentarer til emnet?

Her hadde studentane ulike innspel og det er vanskeleg å finne ein heilskapleg tendens. To studentar meinte at delar av pensum kunne kjennast gammalt. Tre studentar meinte eksamensforma og – lengda var for stor i høve til at emnet er på 5 studiepoeng. Motsett var det ein student som meinte det kunne vere høveleg med semesteroppgåve.

Eksamensresultat

Eksamensforma er heimeeksamen over 7 dagar. Målforma blir trekt. Denne gongen blei målforma trekt til nynorsk. Resultata fordelte seg slik etter sensur med ekstern sensor:

A: 2

B: 4

C: 6

D: 5

E: 4

F: 2

Resultata spreier seg over heile skalaen med to kandidatar som får A og to studentar som får F. 12 av til saman 23 kandidatar får karakteren C eller betre. Det er særst positivt at vurderinga skjer i samarbeid med ekstern sensor med høg kompetanse og lang erfaring med lærarutdanning.

Oppsummering

Alt i alt har kurset fungert godt med undervisning i fast rom på HF-bygget. Oppmøtet har vore relativt godt. Studentane har jamt over vore nøgde med undervisning og organisering. Langt dei fleste studentane er nøgde med studentinnlegga. Dette er ein obligatorisk aktivitet ein bør halde fast på i kurset. Ein bør gjennomgå pensum for å sjå om noko av den eldste litteraturen bør byttast ut. Ein bør òg sjå på eksamensforma og –lengda som fleire studentar har nemnt i evalueringa. Når det gjeld omfang av pensum, undervisning og vurdering må alt dette ha ei form som svarer til storleiken av kurset. NODI201 er eit emne på 5 studiepoeng. Vi har hatt ein heimeeksamen på ca sju sider der ei normalside har blitt definert til 2200 teikn. Ein kan vurdere om det er forsvarleg å ha ein heimeeksamen som er kortare enn dette, men i så fall ikkje kortare enn ca 5 sider. Det er ikkje opplagt at endå kortare heimeeksamen vil vere ønskeleg for studentane, og det er berre tre av tretten som har levert evalueringsskjema, som nemner dette som eit problem. Når ein ser bort frå sterkaste og svakaste karakter (A og F), er det ei svak overvekt av sterke resultat. 10 studentar fekk karakterane B og C mot 9 studentar som fekk karakterane D og E.

UiB, 28.6.2018

Heming H. Gujord

Emneansvarleg

